

Kjem med "Sveikadden" på boks



Torkjel Austad i Bygland Bryggeri kjem til Setesdal med øl på boks.

Me har tidlegare skrive om Bygland Bryggeri, som har kome opp med sitt eige ølmerke, "Sveikadden". Denne veka leverer bryggeriet godsakene tappa i boks til butikkar i Setesdal.

Av Ole Birger Lien

Øl-gründer Torkjel Austad og andre tilknytta bryggeriet legg i veg førstkomande laurdag med bilen full av boksar. "Sveikadden" tappa på flaske har blitt godt motteke her i dalen, så boksane bør også vere høgaktuelle! Når "turneen" i butikkar og restaurantar frå Evje til Valle er fullført laurdag, blir det skipa til lanseringsfest på Bjoren brygge i Bygland laurdagskvelden. Dit kjem både ølgründarar og ølvener!